Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2025/1137-1
Saksbehandlar: Janne Væringstad

SAKSFRAMLEGG

Endring av lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune - 1.gongshandsaming

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Forslag endra lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune sendes ut på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Saksopplysningar

Kommunestyret vedtok den 29.01.2025, sak 1/2025:

1. Kommunestyret vedtek endringane i «Forskrift om endring av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune (innføring av gebyrsonar), Hjartdal, Telemark frå 29.01.2025» lagt ut på høyring 2.12.2024

2. Endringane blir gjort gjeldande frå 29.01.2025.

Endringane i forskrifta den 29.1.2025 gjaldt å dele kommunen inn i gebyrsonar, for å rekne gebyra for vatn og avløp særskilt for kvar gebyrsone. Oppdelinga er gebyrsone «Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt» og gebyrsone «øvrig», som er resten av kommunen.

Oppsummert er dei foreslåtte endringane nå som følgjer:

Hovudårsaken til ny forskrift er at kommunen har innført gebyrsonar og ynskjer at det er betre fastsett i forskrift. Sidan dagens forskrift vert vedtatt for fleire år sida, nyttar kommunen også moglegheita til å oppdatere språket for heile forskrifta, sjølv om det blei gjort nokre endringar i fjor.

I forslag til ny forskrift er det få endringar som påverkar gebyrberekninga direkte. Kommunen vidareførar det meste av praksisen frå tidlegare. Forslag til ny forskrift foreslår at tilknytingsgebyret settast slik at bustad- og fritidsbustadabonnentar betaler ein fast sats per bueining, medan næringsabonnentar betaler etter areal.

Ny vass- og avløpsforskrift foreslår å vidareføre eit todelt årsgebyr for både vatn og avløp i ny forskrift, med ein fast og variabel del. Den faste delen av gebyret (abonnementsgebyret) blir differensiert etter brukarkategoriar. Bustad og fritidseigedom betaler per seksjon, medan næringseigedomar skal betale gebyr etter fastsette kategoriar basert på storleik på inntaksleidning. Kommunen må ta omsyn til at infrastrukturkostnader knytt til vatn og avløp er relativt høgare for storforbrukande abonnentar enn for ein bustadeigedom, og deler dei derfor inn i kategoriar.

Den variable delen av gebyret fastsettast som hovudregel etter målt forbruk, men for abonnentar som ikkje har vassmålar må kommunen berekne forbruket. For dei utan vassmålar blir det foreslått at forbruket reknast ut frå eigedomens bruksareal (BRA) etter NS-3940. I forslag til ny forskrift er det foreslått eit nytt trinn for bustadar under 80 m^2 bruksareal.

.

Vurdering

I forslag til ny forskrift set man betre rammar for gebyrsonar i kommunen. Sjølv om gebyra for 2025 er rekna i tråd med lovverk, ynskjer kommunen at det skal kome klarare fram i forskrifta

kva gebyrsona som er i bruk. Det gjer at det fortsett vil vere ulike gebyrsatsar for abonnentar i Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt, og for abonnentar i resten av kommunen.

Sjølv om satsane vil vere annleis, er berekninga for gebyra lik. Eksempel er at man blir stipulert til like mange kubikk vassforbruk, men prisen per kubikk er annleis. Det visast difor ikkje eigne berekningar for kvar gebyrområde, men korleis ein bereknar gebyra for alle.

Oppsummering /konklusjon

Kommunedirektøren rår til å sende forslag til ny forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune ut på høyring, jf. forvaltningslova § 37. Høyringa skal normalt vere om lag 2 månader.

Etter høyringa vil eventuelle høyringsinnspel bli vurdert og saken bli lagt fram for formannskapet og kommunestyret for sluttbehandling.

Vedlegg:

1 VA-forskrift 2025-08-25 - forslag

2 Følgebrev VA-forskrift 2025-08-25

3 Saksprotokoll Endring av lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune

4 Lokal forskrift vass- og avlaupsgebyr - med føreslåtte endringar